



Ifjor var det tapaskveld for dei frivillige

Dei frivillige damene som gjer teneste på Cafe Tlaren kvar einaste tysdag fortener minst ein takkefest i året. Difor vert dei no invitert til festleg samvær i Gamleskulen onsdag 23. oktober. klokka 19 Styret formulerar seg slik i invitasjonen:

*'Dette gjer vi fordi vi er svært takksame for det store arbeidet de gjer kvar tysdag gjennom heile året. Det er viktig for bygda,- fastbuande og tilreisande og for alle som brukar Gamleskulen som ein positiv møteplass.*

*I tillegg til det sosiale er tiltaket med og skaffar Uskedal utviklinginntekter, noko som er avgjerande for drifta og vedlikehaldet på bygget.*

*Styret set stor pris på arbeidet ditt og vil på denne måten takka og invitera til ein triveleg og sosial kveld saman.*

**Program:**

- Koldbord frå Elins Matgleder
- Innslag og helsingar
- Song

*Vi reknar med du kjem.*

*Vi vil likevel ha påmelding innan 15. oktober til:*

*Berit Harriet Døssland'*